


Kapteinstuen, Megardsmoen

Namn på plassen	Kapteinstuen, Meegardsmoen
GPS-posisjon (UTM 32V)	EU89 UTM32 7013715N 539999Ø
Høgde moh	15
Tilstand	Det står moderne hus der
Plass under	Megarden
Gnr. Bnr.	19/5
Tidsperiode	Ca. 1790-ca.1838
Erich Olsen	1790-1814
Ole Fredrichsen	1814-1838
Omtale:	



Flyfoto 1964



Ved skattemanntallet i 1762 var det ein plass på Geitbuan som heitte Kapteinstuen. Der bodde Eli med sonen Ole Andersen. Seinere finn vi denne plassen under Megarden. Det kan tenkast att huset vart flytta frå Geitbuan til Megardsmoen, som sannsynlegvis låg nær Megårdsmælen-

I 1768 fekk Ole Andersen sonen Erich Olsen. I 1801 var Ole husmann på Megardsløkken, mens Erich var husmann i Kapteinstuen under Megarden.

Erich vart gift med Marit Poulsdtr Lien i 1790. Dei hade ved folketellinga i 1801 borna Marit født 1790, Poui 1794, Ole 1798, og Beret 1801. Dei fekk i tillegg borna Eli i 1803 og Anders i 1805.

Erich døydde i 1814, og Marit i 1824 som gårdkone på Klokkerenget.

Mellom 1805 og 1808 flytta Ole Fredriksen til Megardsmoen. Han var født 1779 på husmannsplassen Eklishåggån og vart gift i 1801 med Martha Ericsdtr født 1775, som var dotter til Erich Olsen. I 1801 budde dei hos foreldra hans på Eklishåggån, der dei fekk borna Erich i 1802 (død 1814) og Gunhild i 1805. Dertter flytta dei til Megardsmoen. Der fekk dei borna Fredrich i 1808 (død samme år), Ingebrigt 1810 (død 1811), og Marit 1818.

I 1838 hadde Ole Fredriksen overtatt Megårdsmælen, og vi høyrer ikkje meire om Kapteinstuen og megardsmoen.

Martha døydde i 1840. I 1842 gifte Ole seg opp att med enka Kirsti Olsdtr fra Havnen i Gudbrandsdalen. Ole døydde i 1848, og Kirsti i 1862.

Kilde	Fornamn	Farsnavn	Fam.status	Alder	Siv.status	Yrke	Sex
F.t. 1801	Eric	Olsen	Husfader	33	Begge 1 gang	Husmand	M
F.t. 1801	Marit	Poulsdtr	Hans kone	37	Begge 1 gang		K
F.t. 1801	Marit	Ericsdtr	Deres børn	11			K
F.t. 1801	Poul	Erichsen	Deres børn	7			M
F.t. 1801	Ole	Erichsen	Deres børn	3			M
F.t. 1801	Beret	Erichsdtr	Deres børn	1			K